

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 28. november 2025

Stad: Kommunestyresalen i Ål kommune

Desse møtte frå Regionrådet:

Jørund Li	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid Simensen Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Bente Rudrud Herdlevær	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, regionalutviklar

SAK 62/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 26. SEPT 2025**Vedtak:**

Protokollen frå møte 26. sept. 2025 er godkjent.

SAK 63/25 NORTURA – KVA NO.

Ingrid Hillestad Medhus, fabrikkseier på Nortura på Gol ga ein status på Nortura Gol og orienterte om Nortura sine lokale og regionale strategiar framtidsplanar.

Vedtak:

Regionrådet vil halde tett kontakt med Nortura lokalt og vil vurdere om det er aktuelt å invitere leiinga i Nortura til eit møte for å drøfte vidare utvikling.

SAK 64/25 BOLIGGUIDEN I HALLINGDAL

Birgit Medgard orienterte om kva som er gjort så langt i arbeidet med boligguiden og korleis prosjektet ønskjer å vidareføre arbeidet. Sjå vedlagte presentasjon.

I drøftinga vart det framheva at Regionrådet ser Boligguiden som et sentralt verktøy for busetting, rekruttering og utvikling i Hallingdal. Ein ser også at «boligguiden» på ein god måte foreinar mykje av det Regionrådet jobbar for – bustad og næring, klima, ved at me må bruke mindre areal på bustad, praktisk bruk av KI og folk frå KI lab osv.

Ei vidareføring vil medføre utvikling av tenesta, gjennomføring av bustadkonferansar i kommunane som ønsker dette, med mål om økt kunnskap, synleggjering av moglegheiter og vidare utvikling av lokale bustadstrategiar. Finansiering vil bli delvis kommunal, og delvis privat. Kommunane si deltaking forutsett medfinansiering på omlag kr 30.000 kvar.

Vedtak:

Regionrådet ber om ei konkret sak om vidareføring av ordninga i desembermøte

Sak 65/25 Gjennomgang av innspel frå Hallingting

Regionrådet drøfta og konkretiserte nokre av samarbeidsinnspela frå Hallingtinget.
Konklusjonar:

1. Forankring av regionplan

- Regionplanen er ikkje godt nok kjent blant politikarar og administrasjon.
- Rådsordførar og regionrådsadm. må ut og orientere aktivt i kommunane.
- Kommunane inviterer til politisk arbeidsdag, til kommunestyre, eller til leiargruppa
- Ved rullering, må planen forankrast betre i kommunane på førehand.
- Ein må jobbe med raud tråd mellom Buskerudplanen og Regionplan og sørge for eige punkt i kommunal saksframstilling, både i høve til overordna planar, BFK sin plan og Hallingdal sin plan. Dette vil bidra til ein tydelegare link mellom desse planane.

2. Felles rekrutteringsstrategi for Hallingdal?

- Trainee programmet bør styrkes – dette blir ikkje gjort i dag – Gol er pilot
- Sjå kva dei jobbar med når det gjeld felles rekruttering i oppvekst
- Vurdere om delar av lønnspolitikk kan harmoniserast
- Vurdere innføring av prøvebuordning
- Vidareføre boligguiden
- Satse på arbeidsplassar og næringsutvikling – Vidareføre Sats på Hallingdal 2.0.

3. Korleis kan Hallingdal ivareta klimaplanen sine mål om redusert forbruk, reparasjon, ombruk/gjenbruk og materialgjenvinning.

- Kommunane må gå i front og bli betre på å redusere eige forbruk
- Haldningsarbeid/opplæring for å bevisstgjere innbyggjarane. Dette er spesielt viktig når forbrenningsomnen blir lagt ned

SAK 66/25 VIDAREFØRING AV BEREKRAFTIG REISEMÅL.

Vedtak:

Regionrådet rår kommunane som ynskjer å samarbeide om vidareføring av berekraftig reisemål til å sette av midlar i budsjettssamanheng og at saka kjem attende som ein orienteringssak der både stillingsstørrelse, oppgåver og finansiering er definert.

SAK 67/25 INSPIRASJONSTUR

Regionrådet drøfta ein ev inspirasjonstur i vinter eller vår. Det var semje om å ta med seg tre forslag til neste møte.

SAK 68/25 TV- OG RADIOOVERFØRING AV POLITISKE MØTE.

Ole Johnny Stavn orienterte om Kaukus som er eit nytt digitalt system for overføring av politiske møte. Dette systemet erstattar eksisterande system

Sak 69/25 Regional ROS. Vidare saksgang.

- Regionrådet har bestilt en regional ROS, basert på at fagmiljøet meiner at det er behov for en regional ROS då fylkesROSEN ikkje dekker alle problemstillingar
- Arbeidet er lyst ut - det har kome inn tilbod frå eit firma, Proactima på ca 400 000
- No i etterkant har HBR kome inn og sagt at de kan gjera jobben for en rimelegare sum ca 50000
- Om HBR sitt tilbod er bra - foreslår dagleg leiar at ein går for dette at ei ev forskottering blir dekket av regionale midlar. Me søker Statsforvaltar om midlar
- Det nye tilbodet må drøftast med beredskapskoordinatorene og fristen må ev justerast

Sak 70/25 Orientering frå dei ulike verva Regionrådet er inne i.

Anne Kari

Ung Invest:	Ingen møte siste periode
Samskapsråd:	Har drøfta samarbeid med «Vegkart for arbeidsinkludering»
Vassområde Hallingdal:	Fokus på nitrogenrensing – skal følge opp dette
	Ny koordinator for vassområde - Knut Martin

Sigrid

SLT:	Har initiert artikkel i Hallingdølen og nasjonale trendar
	Aldersgrense på sosiale medier

Repskap HR: Repskapsmøte 9. des
Vinn: Inkluderingskonferanse 27. nov

Pål

Fagråd Etablererteneste Møte i desember
HBR repskap: Budsjettprosess
Sørøst 110: Uro for utgifter til kommunikasjon som går frå stat til kommunar

Merete

Hallingdal Folkehøgskole Ny rektor på plass, 41 elevar pr. i dag .
Vil koma til Regionrådet i desember
Trafikksikker kommune: Trafikkoffera sin dag 11. desember

Heidi

FNB: AU har sendt ut ein stillingsbeskriving på admeleiar for FNB
Referat er sendt ut

SAK 71/25 NYTT FRÅ BUSKERUD

Iselin Haugo Stavn orienterte

Økonomiplan og budsjett skal behandlast i fylkestinget 16. desember.

- Hallingdal foreslått som eit område som skal få betre kollektivtilbod.
- Forslag om å sette av 10 millionar ekstra i året til vedlikehald av fylkesvegar.
- Auka midlar til regionale tiltak og kollektivsystem gir handlingsrom for lokale løysningar.

.

Tildelingar den siste perioden:

KulturArvOpplevelser – seks prosjekt fekk støtte i haust - tre av dei i Hallingdal:

- Ostebygda/Hol Ysteri – 11 800 kr
- Knutepunkt Gulsvik – 150 000 kr
- Lokalmat som fortrinn – 195 000 kr

Totalt: 356 800 kroner til Hallingdal.

Næring og innovasjon – totalt vart 4,29 millionar kroner delt ut i fylket.

Hallingdal fekk ei tildeling:

- Hemsedal Aktiv AS – 990 000 kr til "Innovasjon og opplevelsesdesign".

Fremtidens kompetanse i Buskerud – her ble det delt ut 950 000 kroner totalt:

Hallingdal fekk ei tildeling:

- «Inkluderingskraft Hallingdal» fekk 200 000 kr.

Vidare kjem det ei sak i desember om å vidareføre satsinga på besøksforvaltning. Det blir sett av 1 million kroner i 2025, med moglegheit for prøveprosjekt på opptil 100 000 kroner.

Missions:

En større strategisk sak er Missions-satsinga på sirkulærøkonomi i Buskerud.

Hallingdal er ein region med gode forutsetningar når det gjeld: skog- og trevirke, bioressursar, bygge- og rivningsmateriale og organisk avfall.

Forslaget er:

1. 600 000 kr til regionale samarbeidsarenaer
2. 800 000 kr til en felles arena for alle regionane
3. 2 millionar kr til en støtteordning for prosjekt innan sirkulære verdikjeder. Dette kan gi nye arbeidsplassar og grøn verdiskaping i Hallingdal

Kultur, idrett og folkehelse:

- Folkehelseprogrammet fase 2 gir **350 000 kr til Hallingdal**:
 - Hallinghelse – 250 000 kr
 - Nesbyen kommune – 100 000 kr
 - Begge har fokus på barn og unge.
- Midlar til den kulturelle spaserstokken gikk til alle kommunar.

Satsing på tradisjonskultur:

I tillegg ble det vedtatt en ny satsing på tradisjonskultur, og her er Hallingdal tungt inne:

- Ål kommune – 500 000 kr til distriktsmusikar og folkemusikkkoordinator
- Buskerudmusea – 130 000 kr til digitalisering av lydband
- Buskerudmusea – 250 000 kr til folkemusikkverkstad i Sigdal
- Buskerud Folkemusikklag – 150 000 kr til rekruttering
- 170 000 kr til Ål for å koordinere den første fasen.

8.–9. januar - Buskerudkonferansen på Norefjell.

Vedtak:

Regionrådet ber administrasjonen vurdere om Hallingdal skal gjera noko samla når det gjeld besøksforvaltning og sende søknad til fylkeskommunen når tilskotsmidlane er ute.

SAK 72/25 PRESENTASJON AV HALLINGDAL.NO

Maria presenterte Hallingdal.no

SAK 73/25 EVENTUELT**Orientering frå møte med Vestre Viken HF og Ringeriksregionen**

Heidi har vore i møte med VV HF vedr. endring i sjukehusstruktur. Me ønskjer å samarbeide tettare omkring utviklinga av helsevesenet i Hallingdal. Strategisk utval i VVHF der regionrådsordførarane og sentrale folk frå VV deltek for å drøfte og definere framtidige løysingar.

Status Fontenehus

Gol og Nesbyen har vore på studietur og sett på organisering og finansiering av Fontenehus. Gol har sagt at dei ikkje er med førebels og meiner at det krev deltaking frå heile regionen. Nesbyen er samd med Gol

Ungdommens Hallingting

Ungdommens Hallingting vart arrangert sist veke på Torpomoen. Bra arrangement og stort engasjement

Felles vedtekter for ungdomsråda

Kan Hallingdal forsøke å få til felles vedtekter for ungdomsråda i Hallingdal?

Vedtak:

Regionrådet er positive til å få eit forslag til felles vedtekter for ungdomsråda i Hallingdal. Det er opp til ungdomskontaktane frå kvar kommune å utarbeide forslaget og om dei ynskjer å foreslå felles godtgjerdsle eller ikkje. Regionrådet får fullstendig forslag til forhandling før ein sender det til ei eventuell avgjerd i kommunane.

NAV

Regionrådet ynskjer å få meir innsikt i arbeidet NAV legg ned i arbeidet med innanforskap og ynskjer å invitere det lokale NAV til å koma til Regionrådet presentere. I tillegg ynskjer Regionrådet å ha ein dialog med fleire aktørar for å finne ut korleis ein kan spele kvarandre gode.

Hallingdal, 3. desember 2025

for rådsordfører

Jan Olav Helling
Dagleg leiar